



## Prosjektmandat

Prosjektnr	Saksnr.	Websak	Namn	Godkjent rådmann				
2130003			Manger skule utbygging	15.01.18				
Tidsramme	1.1.2018 - 31.7.18							
<b>Organisering</b>								
<b>Oppdragsgjevar:</b> Radøy kommune – kommunestyret								
<b>Adm. styringsgruppe:</b> Rådmannsgruppa								
<b>Prosjekteigar:</b> Olaf Hella								
<b>Prosjektleiar:</b> Ingrid Didriksen								
<b>Prosjektgruppe:</b> prosjektleiar Ingrid Didriksen, leiar teknisk drift Einar Færø, rektor ved Manger skule Inger M Ellingsen.								
<b>Referansegruppe:</b> Skulen sitt VO, lærarrepresentant, representant for reinhald Merete Fjellsende, representant for vaktmesterteneste Torgeir Hansen, råd for mennesker med nedsett funksjonsevne.								
<b>Bakgrunn og forankring</b>								
Budsjett 2018: «Auka elevtal ved Manger skule gjer det naudsynt å etablere ei mellombels klasseromsløysing frå og med hausten 2018. Kostnadsramma er førebels uavklart, men rådmannen rår til at det vert sett av kr 2 000 000 til dette prosjektet.» (Budsjett 2018)								
Behovet frå hausten er tre klasserom, om eit år vil ein ha behov for det fjerde rommet. I følgje rekord vil behovet for desse fire romma vere til stades minst i fire år framover. Behovet etter dette er uklart og må kartleggast.								
<b>Hovudmål</b>								
<b>Resultatmål:</b> Få på plass ei midlertidig paviljong som dekker skulen sitt behov til skulestart hausten 2018.								
<b>Effektmål:</b> Tilstrekkeleg romkapasitet ved Manger skule i høve tal elevar og behov ved skulen.								



## Rammevilkår

**Økonomi/finansiering:** Det er sett av kr 2 000 000 til dette prosjektet. Sondering i leigemarknaden antyder ein årleg leigekostnad på om lag kr 500 000 (etablering og fire klasserom). Det må avklarast om dette prosjektet må først som driftskostnad.

**Bruk av interne ressursar:** Planleggingsfasen vil krevje bistand både frå Teknisk forvaltning og frå Teknisk drift, men det er grunn til å tru at omfang vil vere innafor ordinær drift.

**Anbodsprosess:** Prosjektet må på anbod iht anskaffingslovverket.

**Planstatus og naudsynte løyper:** Manger skule ligg innanfor reguleringsplan for Manger sentrum. Tiltak knytt til skulen vil i utgangspunktet være i tråd med plan.

**Avgrensing:** Prosjektet er avgrensa til å leggje til rette for og etablerer paviljong som midlertidig kan stette behova til skulen. Vurdering og planlegging av avt. permanet ordning basert på analyse av noverande bygg, elevtalsutvikling mm må skje i eige prosjekt.

## Risiko (viktigaste element identifisert ved oppstart)

**Utbygging samtidig som elevar brukar skulen og skulen sitt område:** Kan føre til farlege situasjoner og skade på elevar. Det må difor sperrast av område der ein arbeider og ha klare instruksar for varelevering.

**Plassering av midlertidig bygg kan låse og vere til hinder for evt permanent utbygging.** Midlertidig bygg må difor plasserast med tanke på permanent seinare løysing.

**Uforutsette hendingar kan påverke framdrift og føre til forsinka ferdigstilling:** Kan føre til at skulen ikkje er klar til skulestart, nok som kan føre slitasje på personell og pedagogisk konsekvens i forhold til fokus på elevar si læring. Vidare kan det føre til arbeidsmiljøutfordringar på skulen.

**Kort tid:** det er behov for raske avklaringar for å klare å ferdigstille prosjektet innan skulestart til hausten. Samhandling og naudsynte avklaringar som kan påverke framdrift må prioriterast.

Prosjektgruppa utarbeidar prosjektplan og rapporterer iht. rapporteringsplan.



Radøy kommune

## Endringsoversyn

Versjon	Dato	Skildring av endring	Utført av